



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Vår ref. | Dykkar ref. | Dato |
|--------------------|---------------------|--------------|-------------|------------|
| Francesca Galdiolo | 480 25 632 | 2021/3352-12 | «REF» | 23.11.2021 |

Skogtaksering i Kvinnherad - Ny skogbruksplan

Til skogeigarar i Etne og Kvinnherad kommunar: No er det tid for skog!

Det er over 20 år sidan det sist vart taksert skog i Etne og Kvinnherad kommunar. No vil vi starte opp eit prosjekt med mål om å kunne tilby alle skogeigarar nye skogbruksplanar.

Kva er ein skogbruksplan?

I ein skogbruksplan får du oversikt over ressursar og verdjar i skogen din. Det vert registrert areal, treslag, kor gammal skogen er, kor mykje kubikk det er av kvart treslag m.m.

Viss du tingar ein skogbruksplan, vil skogen bli synfart av ein fagperson. Fagpersonen vil tilrå tiltak som kan eller bør utførast i skogen dei neste 10–15 åra. Hen vil og vurdere når det er økonomisk mest fornuftig å avverke skogen. Dette er viktig å vite når du skal vurdere eit tilbod på hogst.

Ein skogeigar må vise omsyn til miljø og friluftsliv. Alle miljøverdiar og fleirbruksomsyn som skogeigar må ta vare på, vert registrerte og presenterte i skogbruksplanen. Dette inkluderer miljøregistreringar i Skog (MiS), som er nødvendige for å selje furutømmer eller ved bygging av veg.

Ein skogbruksplan er også eit viktig grunnlag for verdsetting i samband med sal eller overdraging av eigedom, og ved vurdering av skatt.

Skogbruksplanen inneheld ein rapport, fleire kart og tilgang til ei digital løysing (www.allma.no), som kan nyttast på PC og saman med GPS på nettbrett og mobil.

Kva kostar ein skogbruksplan?

Ein skogbruksplan kostar vanlegvis rundt 2500 kr + 40 kr per dekar produktiv skog. Staten gir tilskot på 60 prosent. Nyttar du skogfond vert eigenandelen enda lågare. For ein eigedom med 150 dekar produktiv skog vil eigenandelen være rundt 3400 kr (utan skogfond og mva).

Alle som tingar skogbruksplan vil få eit brev med prisoverslag når det vert gjort avtale med et takstselskap. Større eigedommar vil få rabatt.

Den digitale løysinga kjem med ein årleg abonnementskostnad.

Eg vil ha skogbruksplan – korleis går eg fram?

Staten gir 60 prosent tilskot til skogbruksplanar dersom det er høg nok oppslutnad i kommunen. Skogtakst og miljøregistreringar utanom dette prosjektet vil ikkje kunne få statstilskot. Er oppslutninga låg vil nokre område ikkje takast med i taksten.

For å sikre at din eigedom blir taksert må du melde di interesse til skogbrukssjefen i kommunen via telefon eller e-post. Du kan også nytte skjema på nettstaden til Statsforvalteren i Vestland: www.statsforvalteren.no/vestland/landbruk-og-mat/skogbruk/skogbruksplan

Skogeigarar som melder interesse får ei årleg oppdatering om prosjektet på e-post. Det kan gå opp til tre år frå prosjektstart til det blir sendt ut skogbruksplanar. Skogeigar vil bli bedt om å stadfest tinging av skogbruksplan før dei vert sende ut.

I område med mykje samanhengande skog og høg interesse for skogbruksplanar, vil det bli tilbod om overordna fellesplanar utan ekstra kostnad. Desse vil innhalda forslag til felles vegløyning og felles skogbrukstiltak. Meld gjerne ifrå om dette kan vere aktuelt i ditt område.

Eg ønskjer meir informasjon

Det vert arrangert digitale og fysiske informasjonsmøte der prosjektet vert presentert og kor det vert høve til å få svar på spørsmål:

- Digitalt møte på Teams:

Onsdag 24.11 kl. 11.00 – Tilgang til møte via Statsforvaltarens nettstad:

www.statsforvalteren.no/vestland/landbruk-og-mat/skogbruk/skogbruksplan

- Etne:

Torsdag 25.11 kl. 19.00 i kommunestyresalen i Etne tinghus

- Kvinnherad:

Tysdag 30.11 kl. 18.00 i kommunestyresalen på rådhuset i Rosendal

Torsdag 2.12 kl. 19.00 på Bygdahuset i Utåker

Skogbrukssjefen i kommunen svarer gjerne på spørsmål:

Etne: Annbjørg Bue, tlf. 537 58 260, e-post: annbjorg.bue@etne.kommune.no

Kvinnherad: Francesca Galdiolo, tlf. 480 25 631, e-post:
francesca.galdiolo@kvinnherad.kommune.no

Vi håpar på god oppslutnad!

Venleg helsing

Takstutvalet i Etne og Kvinnherad

Eivind Vik, Trond Ingvar Holmedal, Per Martin Kjellesvik og Ragnvald Våge

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.